

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/972 - 14/3680

Saksbehandlar:
Helga Ellingsen
Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no

Dato:
17.09.2014

Kunngjering om offentleg ettersyn av kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 – 2026 i Masfjorden kommune.

I sak 069/14 i møte den 09.09.2014, vedtok formannskapet i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14, å leggje kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2014 – 2026 ut til offentleg ettersyn. Kommunedelplanen ligg til ettersyn frå 18. september til 30. oktober 2014 på tenestetorget på kommunehuset på Masfjordnes og på sjukeheimen. Planen vil også verte å finne på Masfjorden kommune sine heimesider, www.masfjorden.kommune.no.

Planen kjem med framlegg om målsettingar, kva område innanfor helse, omsorg og sosial som skal ha fokus dei første fire åra i framlegg til handlingsplan, og kva strategiar Masfjorden kommune skal jobba vidare med innanfor helse, omsorg og sosialfeltet.

Merknader til planframlegget skal sendast innan **30. oktober 2014** til: *Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes* eller til post@masfjorden.kommune.no. Elektronisk merknadsskjema er og å finna på Masfjorden kommune sine heimesider.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Helga Ellingsen
rådgjevar

Framlegg til høyring - Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 - 2026

Vedlegg:

Kommunedelplan helse omsorg og sosial -2014 -5
Handlingsplan 8

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan – og bygningslova § 4-1 og § 11- 14 vert kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014- 2026 sendt på høyring.

Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjøring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Føremålet med dette planarbeidet er å klargjere dagens situasjon for tenestene i Masfjorden kommune, kva slags utfordringar kommunen står framfor og kva slags strategiar, mål og tiltak kommunen bør velje for komande år. Planen skal syta for at tenesta er førebudd og har kunnskap til å møte framtidige utfordringar når det gjeld behov, oppgåver og organisering. Gjennom arbeidet med økonomiplanen, dei årlege budsjetta og temaplanane skal intensjonane i planen realiserast.

Fakta

I utarbeiding av kommunedelplan for helse, omsorg og sosial har det vore lagt vekt på politisk forankring, brei fagleg samansetning og brukarmedverknad. Arbeidet med planen har vore organisert med formannskapet som styringsgruppe, ei administrativ prosjektgruppe og ei ressursgruppe beståande av brei samansetning av ulike fagområde, brukargrupper og tillitsvalte. I arbeid med planen har det og vore arrangert folkemøte.

Konklusjon

Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial blir sendt på høyring i medhald av plan – og bygningslova § 4-1 og § 11 -14.

Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjøring.

Formannskapet - 069/2014

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

I medhald av plan – og bygningslova § 4-1 og § 11- 14 vert kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014- 2026 sendt på høyring.

Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjøring.

Mottakrarar:

Indre Masfjorden pensjonistlag			
Nordbygda pensjonistlag			
Masfjorden demensforening			
Helselaga i Masfjorden			
Lindås/Masfjorden lokallag av NFPU			
HTV Fagforbundet v/ Lillian			
Haugsdal			
HTV Sjukepleiarforbundet v/			
Hildegunn Bjånes			
HTV Utdanningsforbundet Ørjan			
Valestrand			
HTV NITO v/ Kjersti Furnes Soltvedt			
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	postboks 7900	5020	BERGEN
Eldrerådet v/ Terje Myrvang	Sleirsvegen 263	5986	HOSTELAND
Gulen kommune	Eivindvikvegen	5966	EIVINDVIK
	1119		
Lindås kommune	Kvernhusmyrane	5914	ISDALSTØ
	20		
Råd for menneske med nedsett	Masfjordvegen	5986	HOSTELAND
funksjonsevne	870		
Eldrerådet v/ Terje Myrvang	Sleirsvegen 263	5986	HOSTELAND
Masfjordnes pensjonistlag			